



NVE

Kåre Haug
Kyrkjebønsvegen 155
3560 HEMSEDAL

Vår dato: 05.08.2025

Vår ref.: 202406582-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Bygging av Haugsbekken mikrokraftverk er ikkje konsesjonspliktig – Hemsedal kommune i Buskerud

Vi viser til førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt av 05.04.2024 for bygging av mikrokraftverk i Haugsbekken. NVE har gjort ei konsesjonspliktavurdering av tiltaket. Først i brevet finn du vedtaket vårt og informasjon om kva du må gjere vidare. Deretter kan du lese om tiltaket og vår vurdering av dette.

NVE sitt vedtak

NVE vedtar at Haugsbekken mikrokraftverk ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Vedtaket har heimel i vassressurslova § 18.

Dette vedtaket er gyldig i fem år.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Føresetnadar for vedtaket

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med framlagte planar.
- Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, må de planlegge og utføre tiltaket slik at det er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser i vassdraget.
- Det skal sleppast minstevassføring minst tilsvarande alminneleg lågvassføring, oppgitt i førespurnaden til **1,7 l/s** forbi inntaket. Dersom tilsiget er mindre enn fastsett minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Det skal etablerast eit arrangement for minstevassføring.

Kva må du gjere vidare?

- Dette vedtaket er ikkje eit løyve til bygging. De må ta kontakt med andre myndigheiter for å få **nøvdigige løyver**. Aktuelle myndigheiter kan vere:
 - **Kommunen** for avklaring etter plan og bygningslova

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- **Statsforvaltaren** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (anadrom strekning og vassdrag med kreps) og eventuell søknad om dispensasjon frå kravet om kantvegetasjon i vassressurslova § 11.
- **Fylkeskommunen** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (ikkje anadrom strekning) og kulturminnelova.

Lista er ikkje uttømmende.

- Avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir påverka av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.
- Dersom de endrar planane for tiltaket bør dei sendast til NVE for ny vurdering.
- Ta kontakt med det lokale nettselskapet (områdekonsesjonær) for å avklare om det er ledig nettkapasitet for tilknytning av kraftproduksjonen. Ved behov for investeringar i nettet, må kraftverket betale anleggsbidrag.
- Fyll ut skjema for klassifisering av dam/trykkrør. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje starte før NVE har gjort vedtak om konsekvensklasse. For dam og rør i klasse 4, 3, 2 eller 1 er det krav til at anlegget må prosjekterast av NVE-godkjent rådgjevar og i samsvar med damsikkerheitsforskrifta. NVE ønskjer at områdekonsesjonær bekreftar ledig nettleiekapasitet før vi vurderer konsekvensklasse.
- Har du planar om å sjølv bygge, eige og drive ein kraftleidning for å tilknytte kraftverket, kan denne leidningen krevje konsesjon etter energilova. Sjå NVE sine nettsider for [regelverk og praksis for tilknytning av vannkraftverk til nettet](#). Sjå vidare NVE sine nettsider for nærare [informasjon om konsesjonsbehandling av nettanlegg](#).
- Dersom kraftverket har ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi oppmerksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå «Årsrundskriv for særavgifter» på www.skatteetaten.no.
- Når kraftverket er sett i drift skal de melde det inn via Altinn på <https://www.altinn.no/> (*Melding om idriftsettelse nye vannkraftverk eller opprustings- og utvidelsestiltak i eksisterende kraftverk, NVE-0018*).



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om tiltaket

Kåre Haug planlegg å bygge eit kraftverk i Haugsbekken. Sjå kart og tabell under for detaljar.



Figur 1 Kart over tiltaksområdet.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Haugsbekken er del av elvehiarkiet Hemsili/Hallingdalsvassdraget/Drammen og tilhører vassførekomst Trøim bekkefelt nord (012-1451). Inntaksdammen er planlagt sørvendt i bratt terreng. Det er innlandsbeite og blanda lauvskog og sitkagran på begge sider av bekken, og det går beitedyr på eiegen. Materialer til damprosjektet skal fraktas opp med helikopter. Inntaksdammen får eit volum på ca. 50 m³ og tiltakshavar vil nytte eit fall på 60 m ned til kraftstasjonen. Tiltakshavar ønskjer å nytte vassressursane for å produsere straum til eige forbruk på landbrukseiegen, og det er forventa at kraftverket vil ha ein årleg produksjon på 77 000 kWh.

Haugsbekken mikrokraftverk – hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	3,5
Middelvassføring	l/s	99,75
Alminneleg lågvassføring	l/s	1,1
Planlagt minstevassføring	l/s	1,7

KRAFTVERK

Inntak	moh.	750
Avløp	moh.	690
Volum på inntaksmagasin	m ³	50
Lengde på aktuell elvestrekning	m	245
Brutto fallhøgde	m	60
Maksimalt vassuttak	l/s	50
Installert effekt, maks	kW	22

PRODUKSJON

Produksjon, årleg middel	GWh	0,077
--------------------------	-----	-------

Kva har høyringspartane uttalt?

Førespurnaden er sendt **Hemsedal kommune**, **Buskerud fylkeskommune** og **Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus** på høyring. Dette er rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har mottatt følgjande uttalar:

Hemsedal kommune uttalte i brev 25.03.2025:

«Friluftslivsinteresser: Haugsfossen er et turmål og til denne fossen går det ein sti. Imidlertid er ikkje denne stien innanfor areal som vert påverka av tiltaket. Haugsfossen er oppstrøms tiltaket.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kulturminner: Eit eldre bygg (badstue) står på vollen like nord for Haugsbekken, men vil ikkje verte påverka av tiltaket. Me viser forøvrig til kulturminnemyndigheten og deira innspel på dette punktet.

Verdifulle naturtypar og raudlisteartar: Området er ikkje kartlagt, hverken etter eldre kartleggingsmetodikk (DN-handbok 13) eller etter Miljødirektoratets instruks. Under synfaringa 20.03 var ikkje vekstsesongen i gang, og det var framleis is og snø einskilte stader. Det er difor for usikkert å antyde potensiale for naturverdiar knytt til sjølve bekkeløpet (fuktighetskrevjande moser og lav). Langs Haugsbekken er det eit lauvtrebelte med fortrinnsvis bjørk og osp, med einskilte innslag av gran øverst i tiltaksområdet. Bekken er ikkje fiskeførande på tiltaksstrekningen då denne er for bratt og med for ujamn vassføring.

Vilt; Området har truleg ingen særskilt verdi for viltet. I skogbeltet på både sider av Haugsbekken kan viltet uansett ferdast dersom tiltaket vert gjennomført.

Planstatus: Området er regulert til landbruk-, natur- og friluftsmål og er innafor faresone for ras og skred.

Eksisterande vassuttak; Under synfaringa vart det observert ein vannledning ut frå Haugsbekken som vert brukt til vanning på nærliggande jorde nedstrøms.

Vassforskriften: Haugsbekken er ein del av Trøim bekkefelt nord. Økologisk tilstand er god.»

Buskerud fylkeskommune uttalte i brev **27.03.2025**:

«...»

Det foreslåtte tiltaket vurderes som positivt med tanke på bærekraftsmål 7.2, om å øke andelen fornybar energi. Videre vurderes tiltaket til å kunne ha en liten negativ påvirkning for bærekraftsmål 15.1, som blant annet handler om å bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer.

Området der tiltaket er planlagt, er preget av bratt terreng og med skogsvegetasjon. Inngrep i denne typen områder kan medføre betydelige visuelle endringer og påvirke opplevelsesverdien av landskapet. Selv om tiltaket i seg selv er av begrenset størrelse, vil etableringen av inntaksdam, mulig rørgate og tilkomstvei/skogsvei føre til terrenginngrep som kan ha varige konsekvenser for områdets karakter. Dersom tiltaket gjennomføres, bør det tilpasses landskapet på en best mulig måte for å minimere synlige inngrep. Dette innebærer blant annet nøye vurdering av plassering og utforming av installasjoner, samt terrengtilpasning og revegetering etter anleggsarbeidet. Det bør også vurderes løsninger som kan redusere behovet for synlige konstruksjoner og terrengendringer.

Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion 2022-2027, med tilhørende planretningslinjer legger føringer for forvaltningen av vannet vårt. Vannet er delt inn i vannforekomster med konkrete miljømål fastsatt i vannforvaltningsplanen, i tråd med Vannforskriftens §§ 4-7. Det generelle målet er at alle vannforekomster minst skal ha god økologisk og kjemisk tilstand og at dagens tilstand ikke skal forringes. Dersom tilstanden er dårligere enn god, skal det gjøres tiltak for å forbedre tilstanden.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Dammen, som grunneier ønsker å etablere, vil plasseres i Haugsbekken. Dette er en bekk som kommer fra fjellområdene og som er lite påvirket i øvre deler, der inngrepet er planlagt. Bekken (vannforekomsten) har god tilstand. Det oppgis i forespørselen at bekken har varierende vannføring, og kan være nesten helt tørrlagt i deler av året med lite vannføring.

Dersom dammen etableres som beskrevet, vil store deler av vannet ledes bort fra bekken og gå i en egen vannvei ned til kraftstasjonen (en strekning på ca. 250 m) for deretter å slippes ut i bekken igjen nedenfor kraftstasjonen. Med en minstevannføring på 1,7 l/s vil bekken ha en lavere vannføring enn den naturlig ville hatt det meste av året (ev. med unntak av i tørkeperioder). Haugsbekken vil bli påvirket ved dammen og på strekningen der vannet ledes bort (ca. 250 m). Tiltaket vil også kunne påvirke vannstanden nedstrøms utløpet fra kraftstasjonen. Det må gjøres en konkret vurdering etter § 12 i vannforskriften av om foreslåtte tiltak vil kunne påvirke gjeldende miljømål.

Haugsbekken har sitt utløp i elva Hemsil drøyt 600 meter nedenfor det planlagte kraftverket. Hemsil er ei god ørretelv og fritidsfiske er en viktig brukerinteresse i elva. Fra Haugsbekkens utløpet i Hemsil og oppover bekken stiger terrenget raskt og det er flere bratte kneiker i bekken der det av naturlig årsaker kan være problematisk for fisk å komme opp.

Haugsfossen rett oppstrøms foreslåtte tiltak brukes mye til isklatring. Tiltaket ligger i randsonen av et friluftsområde som er verdsatt som viktig, men det foreligger ingen tilrettelegging, kjente stier eller turruter som vil påvirkes.

Fylkeskommunedirektøren kan ikke se at det er gjort kartlegginger av natur og arts mangfold i mulig berørt område. Det oppfordres til at slike kartlegginger gjøres så tidlig som mulig, for å ha best mulig beslutningsgrunnlag, både med tanke på konsesjonspliktavurdering, men også med tanke på senere behandling etter gjeldene lovverk uavhengig av om det blir etter vannressursloven eller plan- og bygningsloven og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Tiltaket berører ingen kjente automatisk fredete kulturminner, og fylkeskommunedirektøren har ingen merknader til det foreslåtte tiltaket slik det er skissert. Meldeplikten i kulturminneloven (kulml § 8, andre ledd) gjelder imidlertid generelt.

Fylkeskommunedirektøren ber NVE om å gjøre tiltakshaver oppmerksom på at det kan finnes kulturminner i området, og at alle spor etter menneskelig aktivitet, som er eldre enn år 1537, er automatisk freda, jf. kulml § 4. Fylkeskommunedirektøren ber derfor om at følgende tekst tas med i videre plan- og saksdokumenter:

«Dersom det under anleggsarbeider eller tilsvarende framkommer uforutsette funn av automatisk fredete kulturminner, som for eksempel brent leire, keramikk, flint, groper med 4 trekull og/eller brent stein, slagg etter jernfremstilling m.m., skal arbeidet umiddelbart stanses og fylkeskommunen kontaktes, jf. Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminneloven) § 8, andre ledd.»

Fylkeskommunen gir i denne saken faglige innspill ut fra rollen som sektormyndighet innenfor kulturminneloven, naturmangfoldloven, lakse- og innlandsfiskloven, friluftsloven, og vannforskriften. En vurdering av sjølve tiltaket, vil eventuelt komme ved seinere høring etter vannressursloven eller plan- og bygningsloven.»



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshavar kom med følgjande innspel til uttalene på e-post 09.04.2025:

«Tiltakshavar har ikkje kommentarar til sjølve høyringsuttalene, men ynskjer å legge til ein kommentar til søknaden.

Det var planlagt å bygge skogsbilveg, for å ta ut skog, men dette tiltaket vert ikkje gjennomført. Etter ei kost/nytte vurdering, vil det ikkje bli bygd veg. I samband med damprosjektet, vil det bli brukt helikopter for å få fram materialer og betong.»

Dette er NVE si vurdering av tiltaket

Ei konsesjonspliktavurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

Hydrologi

Haugsbekken har eit nedbørfelt på 3,5 km² og ei middelvassføring på ca. 100 l/s ved det planlagde inntaket. Alminneleg lågvassføring er av søkar estimert til omlag 1,7 l/s, noko som samsvarer med data henta frå NEVINA. Planlagt minstevassføring er ca. 1,7 l/s. Dette er i samsvar med vassressurslova § 10, som set krav om at minst alminneleg lågvassføring skal vere att i elva, med mindre det er gitt løyve til noko anna gjennom konsesjon.

Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5 er vi avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8. Viss kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein bruke føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Det er ikkje utarbeida rapport om biologisk mangfald i samband med planane om kraftverk i Haugsbekken. Naturlege høgdeforskjeller i terrenget og varierende vassføring gjer at bekken ikkje er fiskeførande på den aktuelle strekningen.

Søk i Artskart og Naturbase den 24.06.2025 viser ingen registrerte artar direkte i planområdet. Artskart har fleire registreringar om lag 200 m aust for tiltaksområdet, med karplanter som sårbar dragehode (VU), smalfrøstjerne (NT), flekkgrisøre (NT), krattsoleie (NT), rankfrøstjern (NT), dvergmispel (LC), bakkesøte (LC), marinøkkel (LC). Karplantene er kartlagde i eit område omtala som Kyrkjebøen nord, og det er registrert naturtypen sørvendte berg og rasmarker av svært stor verdi. Den øvre delen har den mest interessante floraen med større rasmarksenger og berghyller med enger rike på den sårbare arten dragehode. I same område er det også registrert alm (EN) som er sterkt trua. Ingen av dei sårbare artane i området er spesielt avhengig av vassføringa i Haugsbekken.

Det er nærliggjande å tru at dragehode og fleire av dei andre artane registrert i rasmarkene øst for tiltaksområdet også kan finnast i ura over inntaksdam. Inntaksdammen er derimot planlagt 30 til 40 høgdemeter lengre nede blant lauvskog og stadvis sitkagran, og NVE meiner difor at planane ikkje vil påverke rasmarkene med tilhøyrande artar i nemneverdig grad. Tiltakshavar opplyser om at materialar til inntaksdammen skal flygast inn med helikopter, noko som vil gje minimale inngrep i lauvskogen. Vi vil likevel påpeike at arbeidet med dammen og vassvegen må utførast slik at inngrepet er til minst mogleg skade for naturen, med særleg merksemd retta mot alm.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshavar har ikkje sagt om røyrgata skal gravast ned eller ligge i dagen. Ved ein vurdering av konsesjonsplikt er det berre tilhøva for vassdraget som vert vurdert, så dette er ikkje avgjerande for vårt vedtak, men eit moment som må vurderast ved handsaming i kommunen.

Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar, søk i databasar og egne erfaringar vurderer NVE at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og sjanse for skade på naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. Tiltaket vil etter NVE sitt syn ikkje komme i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5.

Vassforskrifta

Haugsbekken ligg innanfor vassførekomst Trøim bekkefelt nord (012-1451). Vassførekomsten er lite påverka i øvre delar og har god økologisk tilstand. Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12.

Fylkeskommunen omtalar tiltaket som positivt med tanke på berekraftmål om å auke produksjonen av fornybar energi, men at tiltaket vil kunne ha ein liten negativ påverknad for berekraftmål som handlar om å bevare og gjenopprette berekraftig bruk av økosystem knytt til ferskvatn.

Det planlagde vassuttaket vil fråføre vatn frå bekken over ei relativt kort bekkestrekning utan særskilte interesser. I Hemsedal er det ikkje uvanleg med tørrare periodar som tørrlegg bekken. Med den nye inntaksdammen skal det sleppast 1,7 l/s hele året. Inntaksdammen er liten og største slukeevne er halvparten av middelvassføringa. Dette betyr at dammen blir fort fylt opp og vatn går over terskelen sjølv med vassføring lågare enn middelvassføring. NVE kan derfor ikkje sjå at det planlagde vassuttaket vil forringe dagens tilstand vesentleg. Det er uansett den myndigheita som gjev løyve til eit tiltak som skal vurdere forholdet til vassforskrifta § 12. Ei konsesjonspliktvrdering er ikkje eit løyve og tiltakshavar må sørge for nødvendige løyver frå aktuelle myndigheiter før kraftverket kan byggast.

Landskap og friluftsliv

Den aktuelle strekningen av Haugsbekken er landbrukseigedom med innmark på begge sider. Bekken renn gjennom blanda lauvskog og stadvis sitkagran, og det går beitedyr langs vassdraget. Terrenget er bratt og det er ingen turstiar knytt til bekken. Lenger oppstraums er Haugsfossen eit landskapselement når vassføringa er høg, og vinterstid er fossen eit populært mål for isklattrarar. Haugsfossen blir ikkje påverka av planane om kraftverket.

Fylkeskommunen viser bekymring for at inngrepa kan medføre betydelege visuelle endringar og endre opplevingsverdien i landskapet. Dei meiner at tiltaket bør tilpassast landskapet på best mogleg måte for å minimere synlege inngrep. Dette inneberer ei nøye vurdering av plassering og utforming av installasjonar, samt tilpassing til terrenget og revegetering etter anleggsarbeidet.

NVE meiner at bekken framleis vil behalde visuell vassføring sidan den maksimale slukeevna ikkje er så høg, men er einig med fylkeskommunen i at dam og vassveg må tilpassast landskapet på best mogleg måte, samstundes som ein skåner trua artar som alm.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kulturminne

Databasen Kulturminnesøk viser 24.06.2025 ingen funn direkte i planområdet, men det finnst kulturminne i nærområdet. Dersom det under anleggsarbeidet eller tilsvarande blir gjort funn av automatisk freda kulturminne, som for eksempel brent leire, keramikk, flint, groper med trekol og/eller brent stein, slagg etter framstilling av jern m.m., skal arbeidet stansast straks og fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova) § 8, andre ledd.

Naturfare

Planområdet ligg innanfor faresone for skred. Flom kan førekome i bekken, men inntaksdammen er for liten til å ha flomdempande effekt.

Oppsummering og konklusjon

Kåre Haug ønskjer å etablere eit mikrokraftverk i Haugsbekken og nytte vasskrafta på eignedomen til å produsere straum til å drifte landbruket. Den aktuelle elvestrekningen ligg i bratt terreng blant blanda lauvskog og sitkagran, og det går beitedyr på begge sider av bekken. Ei strekning på ca. 250 m vil bli fråføra vatn, og det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 1,7 l/s som er noko høgare enn alminneleg lågvassføring. Største slukeevne er på 50 l/s og er om lag halvparten av middelvassføringa. Det skal etablerast ein inntaksdam som rommar om lag 50 m³, og søkar forventar ein årleg produksjon på inntil 77 000 kWh.

Det er ikkje utført biologisk kartlegging langs Haugsbekken. Fleire sårbare artar som er knytt til naturtypen sørvendte berg og rasmarsenger er registrert eit par hundre meter aust for bekken. Terrenget og ulike kartlag tilseier at desse forholda ikkje er tilstades på den aktuelle bekkestrekningen.

NVE meiner difor at Haugsbekken mikrokraftverk ikkje fører til slike ulemper for allmenne interesser at det treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarlig

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

Mottakarliste:

Kåre Haug

Kopimottakarliste:

HEMSEDAL KOMMUNE

Hallinglos AS

STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS

Buskerud fylkeskommune

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.